



Statens vegvesen

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291

5203 OS

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
22/187807-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.10.2022

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid for gnr. 479 bnr. 107, 109, Austmarka sentrum – Alver kommune.

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid for gnr. 479 bnr. 107, 109, Austmarka sentrum i Alver kommune. Det har vore varsla oppstart av denne plansaka tidlegare, den 13.07.2017. Då det er gått 5 år sidan førre oppstartsmelding vurderer Statens vegvesen dette som ei ny sak, og med bakgrunn i dagens arealpolitiske føringar. Merknadsfrist er sett til 14.10.2022.

Kva saka gjeld

Planområdet er på 33 daa. Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for kombinert formål bustad og næring på gnr. 479 bnr. 107 og bustader på gnr. 479 bnr. 109. Det vert i oppstartsvarselet ikkje sagt noko konkret om talet på bustadeiningar. Dei ulike dokumenta i saka er heller ikkje konsekvent med omsyn til kor mange bustadeiningar det faktisk vert lagt opp til gjennom denne reguleringsplanen.

Delar av planområdet inngår i reguleringsplan for Austmarka øvre. Eigedomen gnr. 479 bnr. 107 er i kommunedelplan for Radøy vist som sentrumsformål. Eigedomen gnr. 479 bnr. 109 ligg som bustadområde i same plan. Alver kommune har i saksframlegg datert 03.06.2022 (Saksnr. 091/22 og 081/22 – Planinitiativ til avklaring) sagt: «*Sidan det er motstrid mellom arealføremålet desse planane, gjeld KDP framfor reguleringsplanen. Difor er det sentrumsføremålet som i dag gjeld for gnr 479/107. For gnr 479/109 gjeld bustadføremålet, med underføremål einbustader og frittliggande småhus.*»

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Konkrete innspel til dette planarbeidet

Planområdet ligg nær idrettsanlegg, daglegvarebutikk og skule. Det er også lokalisert nokre andre servicefunksjonar i dette området. Del av planområdet inngår i område B2 i KDP Radøy sør. Jfr. føresegnene pkt. 2.5 *Utbyggingsrekkefølge i Austmarka (pbl. § 11-9 nr 4)* er det krav om at trygg skuleveg til Sæbø skule skal vere sikra før det kan gjevast løyve til nye tiltak i dette området. Skulevegen skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/bruksløyve til bustadane.

Under føresetnad av at ny plan for Austmarka sentrum legg opp til trafikksikre løysingar for alle trafikantgrupper vurderer Statens vegvesen isolert sett, dette området som eigna for vidare utvikling. Det er likevel viktig å sjå dette prosjektet i samanheng med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel som no er starta opp.

Av kommunen sitt saksframlegg 03.06.2022 (Saksnr. 091/22 og 081/22 – Planinitiativ til avklaring) går det fram: *« I arbeidet med kommuneplanen for 2011, som var ein fullstendig plangjennomgang, vart det gjennomført ei grundig vurdering av både bustads- og næringsbehovet i kommunen. Vi kan ikkje sjå i dei vedtekne plandokumenta frå 2019 at endringa frå forretnings- til sentrumsføremål er omtalt eller kva vurderingar som ligg til grunn for endringa. Dersom ein hadde skulle opna for fleire bustader i Austmarka i 2019 enn det allereie er opna for gjennom kommuneplanen frå 2011 og reguleringsplanen for Austmarka øvre, skulle dette punktet ha vore konsekvensutgreia, i tråd med Forskrift om konsekvensutredningar, vedlegg I, punkt 25. Det er det ikkje. I tillegg skulle det ha vore gjort ei vurdering av samla bustadbehov i Austmarka. Det skulle som eit minimum ha vore synleggjort i planskildringa eller andre plandokument at dette var ei endring frå 2011-planen, slik at offentlege etatar og naboar blei gjort merksam på at dette var eit tema og ei endring frå 2011, slik at dei fekk moglegheita til å uttale seg om endringa gjennom offentleg ettersyn og høyring».*

Austmarka er ikkje definert som eit kommunesenter i kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver 2022–2034, som vart vedteke 19.05.2022. Framlegg til planprogram for ny arealdel av kommuneplan synleggjer prinsipp som skal ligge til grunn for utvikling av kommunesentra. Det skal definerast kva som skal vere lokal vekstsone for kvart senter for å hindre utflyting og det skal sikrast at nye utbyggingsområde kjem innanfor vekstsona. Gjennom arbeidet med arealdelen skal Alver også definere kva som skal vere sentrumsutstrekning for kvart senter. Det er om lag 10 kilometer frå Austmarka til Manger. Slik Statens vegvesen vurderer det vil den planlagde utbygginga på Austmarka føre til at det vert etablert eit nytt geografisk avgrensa kommunesenter. Alver kommune må ha eit bevisst tilhøve til dette. Ein må vurdere

om vidare planarbeid for Austmarka sentrum bør vente til samla bustadbehov er vurdert og andre naudsynte avklaringar er gjort gjennom arbeidet med ny kommuneplan.

I eit eventuelt vidare planarbeid må ein ta stilling til om veganlegga i denne planen er tilstrekkeleg dimensjonert for vidare utbygging og auka trafikk som følgje av reguleringsplanen for Austmarka sentrum. Det må utarbeidast ei trafikkanalyse som skildrar dagens trafikksituasjon i området. Ein må vidare syne ein samanheng i vegsystemet mellom denne planen og Austmarka øvre, samt at ein må sjå det i samanheng med vidare utbygging i samsvar med KDP for Radøy sør og andre relevante planar i området.

I/ved planområdet er det fylkesveg og kommunal veg. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Tema som bør omtalast særskilt i dette planarbeidet:

- Særleg ulukkesutsette strekningar
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målepunkt, busshaldeplassar, barne- og ungdomsskule, idrettsanlegg m.m.
- Viktige sykkelruter
- Samordna bustad -, areal- og transportplanlegging
- Vegtrafikkstøy
- Universell utforming

Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

Støy

Deler av planområdet ligg i raud og gul støysone jfr. Statens vegvesen sine støyvarslingskart. Vi gjer merksam på at dersom det vert planlagt nye bustader i gul støysone skal kommunen krevje at det vert utarbeida ei støyfagleg utgreiing saman med planframlegget, jfr. retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging (T1442). Vi gjer særleg merksam på støyretningslina sine krav knytt til støynivå på uteopphaldsareal og på fasade (stille side).

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløyisingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafiksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløyisingar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafiksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens [handbok V744](#).

Vidare planprosess/medverknad

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transportforvaltning

Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER